

Takka for seg etter 11 år som leiar av helselaget

23.02.2016



Takk for god innsats!

Ein av dei mest markante leiarane i Uskedalen, Selma Eik, takka ikveld for seg under årsmøtet i helselaget og vart erstatta av nestleiar Berit H. Myklebust. Selma har leia laget i 11 år. Den nye leiar får med seg i styret Klara Bakke, Annemor Rød, Eli Roseth Eik og Sara Hjelmeland Arnesen og varamedlemmer vert Mariann Rød Hauso og Lene Djupsland Skjelnes,



Godt frammøte på årsmøtet

Ifjor fekk desse føremåla midlar frå laget; Hjartekarforskning 10 000, kreftforskning 5 000, tuberkulose 5 000, hoppetaukonkurranse 1 000, basseng 10 500, sykkelstativ ved skulen 1 350 og transport til Tinestafetten 6 000. Laget har no fått eigen facebookside laga av Klara Bakke og gågruppa som starta i 2010 er framleis igang. Ifjor var det 43 treningsøkter med 499 personar og av dei var det ein mann!

Ifjor vart det ikkje avvikla nokon tur, men no vert det planlagd ein utpå vårparten. Ein delegasjon som vart sendt til seniordansen på Husnes fan at dette ikkje var noko for Uskedalen.

Ifjor auka saldoen frå 44 136 til 81 287 og basarinntekten var 38 582,

Laget var på skulen og delte ut pengepremie til beste klasse i hoppetau. Det er med i grusbaneprosjektet og slår fast at det har jamm framdrift, Laget har fått tilskot til benker i denne aktivitetsparken.

Tekst.foto og nett: Ola Matti Mathisen